



## **Referat frå møte i Leikanger sokneråd 17. august 2021**

**Til stades:** Åse Kongsvik, Elin Borlaug Hauge, Tove Stensås og Vegard Bondevik Lie. Signe Eikenes, Tore Oddvin Stølen og Jon Erling Oppedal hadde fråfall. Ingen av vararepresentantane kunne møte.

### **Sak 32/21**

Innkallinga og referatet er godkjende.

### **Sak 33/21      Skriv og meldingar**

#### **Saksframstilling:**

##### *Skriv*

- Ingen skriv til dette møtet

##### *Møtebok*

- Referat frå møte i Sogndal kyrkjelege fellestråd 27.05.21. (vedlegg)
- Referat frå møte i Sogndal kyrkjelege fellestråd 23.06.21. (vedlegg)

##### *Meldingar*

- Det vert kyrkjelydstur fredag 20. august kl.09. Turen går til Lærdal, Lærdalsdalen, ST.Thomas kyrkja, om Tyin til Årdal, retur Sogndal. Kyrkjelydsturen er open for alle interesserte frå alle sokna!
- Tekstlesarkurs med Anne Kristin Aasmundstveit, på Stedjetunet 31.august kl. 17, for påmeldte tekstlesarar (Stedje,Leikanger og Balestrand har meldt interesse for dette). *NB: Vegard må avklare med Dagny kven som deltek frå Leikanger.*
- Basar for kyrkjelydshytta i Sogndalsdalen (alle si hytte!) vert mest truleg 15.september, anten på Stedjetunet eller i Frelsesarmeen.

##### *Orienteringssaker:*

- Gudstenestene sidan sist v /Vegard
  - Det har vore fellesgudstenester i sokna i sommar. Dette har fungert godt.
  - Det var skulestartgudsteneste med stort oppmøte av førsteklassingane sist søndag.
- Komande aktivitetar i kyrkja; -tysdagstreff, konfirmasjonar og gudstenester
  - Det vert starta opp med tysdagstreff i kyrkja 7.september. Dei tre første treffa, 7/09, 21/09 og 05/10, blir i kyrkja. Det vert tysdagstreff med varm mat og foredragshaldar i kyrkjelydshuset den 19.oktober. Kyrkjekontoret syter for å sende melding til deltakarar.
- Vikar for kyrkjetenar: Christina har fått ein liten gut og vil ha fødselspermisjon ei tid framover. Stillinga er lyst ut og det er gjeve tilbod til ein søkjar. Avhengig av når denne personen er på plass kan det bli aktuelt å gjennomføre nokre av kyrkjetenar sine oppgåver på dugnad. Instruks for kyrkjetenar ligg ved utsendinga.

### Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

### **Sak 34/21: Vedlikehald på kyrkjegardane**

#### Saksframstilling:

Knut Grinde held oppsyn med kyrkjegardane og har meldt inn eit par ting som treng vedlikehald. Benkane i Husabø er mosegrodde og ser lite tiltalande ut. Er det mogleg å reingjere dei og gje dei eit strøk olje /beis, eller er dei modne for utskifting? Like eins er austre port på den gamle kyrkjegarden blitt skeiv, den må reparerast. Sjå e-postar frå Knut Grinde.

#### Framlegg til vedtak:

Soknerådet spelar inn reparaasjon /erstatning av benkar og port som sak til fellestrådet.

### Vedtak:

Soknerådet spelar inn reparaasjon /erstatning av benkar og port som sak til fellestrådet. Åse tek kontakt med kyrkjekontoret.

### **Sak 35/21: Markusevangeliet i eit multimedia-konsept med forteljingar, fotografi og fiolin**

#### Saksframstilling:

Denne saka var også oppe på møte 25.mai. Fiolinist og komponist Christian Stejskal har laga eit multimedia-konsept med forteljingar frå Markusevangeliet, fotografi frå dagens Midt-austen og eigenkomponert fiolinmusikk. Sjå vedlegg utsendt til førre møte. Stejskal føreslår 10.januar som aktuell dato.

E-post frå Stejskal:

*Markusevangeliet er evangelisten Markus` beretning om Jesu` liv og virke.*

*Evangeliets 16 kapitler kan deles inn i rundt 90 beretninger, assimiler og liknelser, og er det korteste av de fire evangeliene i det Nye Testamentet.*

*I min multimedia-forestilling forteller jeg Markusevangeliet - tekst tro og uten manuskript.*

*Jeg har reist på kryss og tvers i Midtøsten og gått i Kristi fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leting etter 90 Bibelske motiver som illustrerer Markusevangeliets 16 kapitler, og som jeg viser på en skjerm samtidig som jeg forteller evangeliet.*

*Fotografiene illustrerer evangeliet med utgangspunkt i om Jesus hadde kommet til et Postmodernistisk Midtøsten i 2020 - med det mener jeg hans første komme, og ikke hans andre.*

*Dette har jeg satt sammen med korte innslag av egenkomponert musikk spilt på fiolin.*

*Jeg planlegger en turne i Norge i perioden november 2021 til februar 2022, og det hadde vært hyggelig å gjøre en forestilling hos dere i dette tidsrommet også.*

#### Framlegg til vedtak:

Leikanger sokneråd er positiv til at dette multimedia-konseptet blir sett opp i Leikanger kyrkje. Vi ber om at administrasjonen jobbar fram eit forslag til gjennomføring, gjerne i samarbeid med dei andre sokna.

### Vedtak:

Leikanger sokneråd er positiv til at dette multimedia-konseptet blir sett opp i Leikanger kyrkje. Vi ber om at administrasjonen jobbar fram eit forslag til gjennomføring, gjerne i samarbeid med dei andre sokna.

### **Sak 36/21: Ymse**

- Neste soknerådsmøte er tysdag 14.september. Vi vil då invitere Hege Askvik og ta ein uformell prat om hennar tankar for vidare bruk av prestegarden. Og så får vi høve til å takke Hege for innsatsen hennar i kyrkjelyden. Tove bestiller kake, Elin henter i forkant av møtet.

Referant Tove Stensås